

VEDLEDELSE

05 /3280-272

SURNADAL KOMMUNE

## SAMLET SAKSFRAMSTILLING

### UTTALE TIL NOU 2005:18 - INNTEKTSSYSTEMET FOR KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR

---

Saksbehandler: Leif Erik Meese  
Arkivsaksnr.: 06/00179

Arkiv: 103 &13

Saksnr.: Utvalg  
0003/06 Kommunestyret

Møtedato  
02.02.2006

Saksbeandler: Leif Erik Meese  
Arkivsaksnr.: 06/00179-001

Arkiv: 103 &13

### UTTALE TIL NOU 2005:18 - INNTEKTSSYSTEMET FOR KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR

#### Vedlegg:

NOU 2005:18 side 59-64 – Utvalet sitt forslag til nytt inntektssystem.  
side 21-25 – Oppnevning, mandat og arbeid.

#### Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

NOU 2005:18 - Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar. (502 sider).  
(Det er tilgang til heile NOU'en på internett: [www.krd.dep.no](http://www.krd.dep.no))

#### Bakgrunn for saka:

Inntektssystemet er eit system for fordeling av statlege rammetilskott til kommunar og fylkskommunar. Etter at det blei innført i 1986 har det blitt revidert fleire gonger, siste større revidering var i 1997 (Rattsø-utvalet). Det er ei målsetting at ein skal gå gjennom og revidere inntektssystemet om lag kvart tiande år. Av den grunn blei det i 2003 oppnemnt eit offentleg utval for dette arbeidet, og det resultatet av dette som ligg føre i NOU 2005:18.

#### Utvalet fekk m.a. slikt mandat:

"Regjeringens mål er å styrke lokaldemokratiet og øke kommunens handlefrihet. Beslutninger fattes så nær brukerne som mulig, og innbyggerne skal oppleve nærbet til og innflytelse over beslutningene i lokalsamfunne. Innbyggerne skal oppleve å bli tilbuddt likeverdige tjenester av god kvalitet, samtidig som organiseringen av tjenesteproduksjonen skal sikre best mulige tjenester til lavest mulig kostnad. Kommunene må settes i stand til å behandle private og kommunale aktører likt.

- Regjeringen legger derfor til grunn at rammefinansiering fortsatt må være hovedfinansieringsmodellen for kommunal sektor.

- Utvalget skal foreta en bred faglig gjennomgang av fordelingsmekanismene i finansieringssystemet med sikte på å komme fram til et mest mulig enkelt og rettferdig system.
- Utvalget skal se på fordelingsmekanismer som utgiftsutjevningen, inntektsutjevningen, distriktpolitiske virkemidler og særskilte tilskudd, skjønnnsmidlene og overgangsordninger.
- Kommunestruktur og fordelingsmekanismene.
- Gjennomføring av velferdsreformer og nasjonal politikk innenfor fagområder som eldreomsorg, helse- og sosialtjenester, skole og barnehager innenfor et system basert på rammefinansiering som hovedprinsipp.”

### **Vurdering:**

Eit arbeidsutval har vurdert NOU'en og er komme fram til følgjande prinsipielle synspunkt:

#### **Det lokale folkestyret**

Kommunane er vesentlege aktørar i det norske demokratiske systemet. Kommunane ivaretak både tenestesamfunnet lokalt som ansvarlege for eit brent spekter av velferdstenester og utviklingssamfunnet mellom anna som demokratiske styringsorgan i nærings- og stadsutviklinga.

Surnadal kommune meiner at det er viktig å leggje til rette for eit aktivt lokalt folkestyre. Dette heng saman med lokal handlefridom til å kunne utvikle lokalsamfunna. Det er mogleg å gje slik handlefridom til kommunane samstundes som vi ivaretak standardar for velferdstenestene som innbyggjarane kan rekne med å få oppfylte uansett kor dei bur.

#### **Eigne inntekter i kommunane**

Surnadal kommune meiner at skatt og andre eigeninntekter skal vera dei viktigaste inntektskjeldene til kommunane. I økonomistyringa si må kommunane sjølve ta ansvaret for å handtere dei svingingane i inntekter dette medfører. Dette vil vera mogleg dersom inntektsgrunnlaget er tilstrekkeleg breitt fundert.

Kommunane bør i større grad kunne skaffe seg eigne inntekter som alternativ til å kutte i kostnadene. Dessutan bør kommunane i større grad få utnytte eige næringsgrunnlag til eigne inntekter. Det lokale folkestyret vil bli meir reelt på denne måten.

I samband med dette må det utgreiaast større lokal fridom til å fastsetje skatteøyret. Vidare må eigedomsskatt utviklast vidare som ein frivillig kommunal skatt utan å bli ein del av inntektssystemet. Regelverket for eigedomsskatt må endrast slik at han kan skrivast ut på all eigedom i alle kommunar. Ein må få større lokal fridom til å fastsetje satsane.

Naturressursskatten må utvidast til å omfatte industriell bruk av andre naturressursar utanfor primærnæringane, til dømes vindkraft og oppdrettsanlegg.

Det bør også opnast for at kommunane skal kunne skrive ut lokale førebelse skattar og avgifter for å finansiere bestemte prosjekt. Dette vil kunne stimulere det lokalpolitiske engasjementet og få fram dei ideologiske motsetnadene betre i lokalpolitikken.

Ordninga med ein kommunal del av selskapsskatten må førast vidare. Det er likevel eit problem at den etablerte fordelingsordninga favoriserer kommunar med arbeidskraftintensiv næring framfor kommunar med kapital- eller naturintensiv næring. Eit breiare fordelingsgrunnlag for selskapsskatten må difor utgreiast, slik at verdiskaping også basert på andre produksjonsfaktorar enn arbeid kjem inn som eit kriterium.

### Inntektssystemet

Grunnsteinen i rammetilskotet er eit fast beløp per innbyggjar i kvar kommune. Det er framleis behov for at innbyggjartilskotet blir justert i høve til demografiske og geografiske skilnader mellom kommunane.

Basistilskotet og regionaltilskotet er heilt nødvendige element i inntektssystemet for å kunne oppretthalde lokaldemokratiet og likeverdige tilbod til innbyggjarane innanfor dagens kommunestruktur. Eit eventuelt ønske om å endre kommunestrukturen må ikkje bli forsøkt oppnådd bakvegen gjennom endringar i inntektssystemet.

Det er eit grunnleggjande problem at dagens inntektssystem i stor grad gjer kommunane til "statens klientar". Kommunane er i liten grad ansvarlege for å skaffe sine eigne inntekter. Dette oppmuntrar til å prioritere å arbeide med statlege støtteordningar framfor å arbeide for å få utnytta eige næringsgrunnlag.

### Hovudpunkt:

- Kommunane må i økonomistyringa si sjølve ta ansvaret for å handtere dei svingande inntektene som eit lokalt inntektsgrunnlag medfører
- Eigedomsskatt må utviklast vidare som ein frivillig kommunal skatt utanfor inntektssystemet
- Regelverket for eigedomsskatt må endrast slik at kommunane får større høve til å fastsetje omfanget og satsane på eigedomsskatten
- Naturressursskatten må utvidast til å omfatte industriell bruk av andre naturressursar, til dømes vindkraft og oppdrettsanlegg
- Det bør opnast for at kommunane skal kunne skrive ut lokale førebelse skattar og avgifter for å finansiere bestemt prosjekt
- Større lokal fridom til å fastsetje skatteøyre må utgreiast
- Ordninga med eit kommunal del av selskapsskatten må vidareførast. Det må utgreiast eit breiare fordelingsgrunnlag for selskapsskatten slik at verdiskaping frå kapital og natur kjem inn som eit kriterium.
- Inntektsutjamninga bør reduserast noko i høve til dagens nivå

- Surnadal kommune sluttar seg til framlegget om eit nytt distriktpolitisk tilskot med ei fordeling der 30 % er knytt til kommune og 70% er knytt til folketal.

Surnadal kommune vil til slutt påpeike at større endringar i inntektssystemet for kommunane bør følgjast opp med auka overføringar som kan bidra til å dempe dei negative konsekvensane for enkeltkommunar

**Arbeidsgruppa si tilråding:**

Kommunestyret slutter seg til dei synspunkt som kjem fram i arbeidsutvalet sitt framlegg til uttale frå Surnadal kommune.

**Behandling i Kommunestyret den 02.02.2006**

**Votering:**

Arbeidsgruppa si tilråding enstemmig vedtatt.

**Kommunestyret sitt vedtak:**

Kommunestyret slutter seg til dei synspunkt som kjem fram i arbeidsutvalet sitt framlegg til uttale frå Surnadal kommune.

Utskrift sendt:

Kommunal- og regionaldepartementet, Postboks 8112 Dep. 0032 OSLO